



Vedtekter gjeldande frå 1. april 2010

VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA I FJELL

§ 1 Retningslinjer

Skulefritidsordninga i Fjell kommune skal følgja lov og forskrifter som gjeld for skulefritidsordning og dei retningslinjene som er vedtekne av Komité for drift.

Komité for drift godkjenner vedtektene og får fullmakt til å gjera endringar.

§ 2 Formål

Skulefritidsordninga er eit frivillig aktivitets-, kultur- og fritidstilbod for barn i 1. - 4. klasse og barn med spesielle behov frå 1. - 7. klasse. På ungdomstrinnet vil barn med spesielle behov kunne få SFO-plass der dei har skuletilbod.

Fritidsordninga skal gi barna omsorg, tilsyn og gode utviklingsvilkår.

For barn med spesielle behov frå 5.klasse kan skulen rådføre seg med PPT.

Skulen sine generelle mål gjeld også for skulefritidsordninga.

§ 3 Overordna styring

Fjell kommune er ansvarleg for drift av dei skulefritidsordningar som er omfatta av desse vedtektene.

Skulefritidsordninga har Komité for drift som ansvarleg styringsorgan, og er administrativt underlagt skulesjefen.

§ 4 Lokal styring

Ved den einskilde skulefritidsordning er rektor fagleg og administrativ leiar.

Dersom det er fleire enn 23 barn i skulefritidsordninga, skal der vere ein dagleg leiar.

Det skal veljast foreldrerepresentantar, "klassekontaktar" på lik line med ein vanleg klasse. Forelderådet sitt arbeidsutval skal då utvidast med ein representant frå skulefritidsordninga.

Samarbeidsutvalet er styre for skulefritidsordninga.

§ 5 Tilsette i skulefritidsordninga

Dagleg leiar skal ha pedagogisk utdanning eller minimum utdanning som fagarbeidar i barne- og ungdomsarbeid.

Retningsgivande bemanning er 12 barn per vaksen.

§ 6 Inntak av barn

Alle barn i 1. – 4. klasse er sikra plass etter søknad. Barnet har plassen til plassen vert sagt opp eller ut 4. klasse.

Søknadsfristen for inntak er 1. april. Søknad om plass skal sendast til den lokale skulefritidsordninga. Søknaden er bindande.

§ 7 Opptaksperiode og oppseiingsfrist

Frist for oppseiing/ending av plass er 3 mnd.

Oppseiing/ending gjeld frå 1. kvar måned.

§ 8 Betaling for opphald

Kommunestyret fastset betalingsssatsane som skal vera lik for alle skulefritidsordningar i kommunen.

Kommunen kan krevja utgiftene til skulefritidsordning dekkja gjennom eigenbetaling av foreldra.

Betaling for opphald skjer etterskotsvis kvar måned til kommunekasseraren i Fjell.

Dersom foreldre / føresette ikkje har betalt for opphaldet dei tre siste månadene, vert barnet sagt opp med 1 månads varsel og misser plassen i skulefritidsordninga.

Dersom borna vert henta for seint må dei føresette betala kr 250 på kvar påbegynte time.

§ 9 Måltid

Skulefritidsordninga bør ha tilgang til kjøkken der det kan lagast enkle måltid.

Det er felles måltid med matpakke. Drikke og evt. frukt blir servert.

§ 10 Areal ute og inne

Lokale og uteareal som er nytta til skulefritidsordning skal vere godkjent etter lov og forskrifter.

Lokala skal vere tilrettelagt for funksjonshemma.

Kvar skulefritidsordning skal ha eit baserom der materiale og utstyr kan samlast.

Det samla arealet som skulefritidsordninga kan nytte i heile opningstida skal ikkje vere mindre enn 2,5 kvm pr. elev.

Kvar skulefritidsordning, ved samarbeidsutvalet, definerer sitt eige uteområde innanfor dei rammene som er sett i forskrifter for helse, miljø og tryggleik.

§ 11 Dagleg opphaldstid og årleg opningstid.

Maksimal opningstid i skulefritidsordninga i Fjell er mellom 07.00 og 16.30

Samarbeidsutvalet fastset opningstida ved den enkelte skulefritidsordning.

Skulefritidsordninga har for tida to plasstypar:

- Heil plass, frå 12 t/v veke.

- Delt plass, inntil 11 t/v.

Lengda på dei to plasstypene kan bli justert dersom undervisningstimetallet vert endra.

Dersom det er færre enn fem born som til dagleg vil nytta eit tilbod før skuletid, vil dette til vanleg ikkje bli gitt ved ordninga det gjeld.

§ 12 Tilsyn

Fylkesmannen i Hordaland fører tilsyn med ordninga.